



Arkivnr: 2017/3812-5  
Saksbehandlar: Guro Kjellerød

## Saksforslag

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		05.09.2017
Fylkesutvalet		20.09.2017
Fylkestinget		03.10.2017

### Forslag til nye skulenamn

#### Samandrag

Fylkestinget vedtok 07.03.17 nye retningslinjer for namnesetjing av dei vidaregåande skulane. Vedtaket seier at det i hovudsak er lokale stadnamn som er førande for namnesetjing og at nye namn skal vedtakast i Fylkestinget.

Hordaland Fylkeskommune har seks skular som er omfatta av samanslåing i perioden hausten 2016 – hausten 2018. Desse skulane treng vedtak om nye namn i Fylkestinget.

#### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek at den samanslåtte skulen Arna vgs og Garnes vgs vert kalla Arna vidaregåande skule.
2. Fylkestinget vedtek at den samanslåtte skulen Norheimsund vgs og Øystese vgs vert kalla Hardanger vidaregåande skule.
3. Fylkestinget vedtek at den samanslåtte skulen Tertnes vgs og deler av U.Pihl vgs vert kalla Tertnes vidaregåande skole.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksforslaget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 15.08.2017

Hordaland Fylkeskommune har seks skular som er omfatta av heil eller delvis samanslåing i perioden hausten 2016 – hausten 2018. Fire av skulane vert slått saman som følgje av vedtak om bygging av nye skular fram i tid. Dette gjeld Arna vgs og Garnes vgs, der det er vedteke at ny skule skal stå ferdig på Seimsmyrane i Arna i 2028. Vidare gjeld det Øystese vgs og Norheimsund vgs som skal inn i nytt skulebygg på ny tomt i Norheimsund i 2027.

U.Pihl vgs må vike plass for nye Åsane vgs som skal byggjast på U.Phil-tomta i perioden 2018-2020. Utdanningsprogram og tilsette ved U.Pihl vgs vert fordelt på Tertnes vgs og Åsane vgs.

01.05.17 kunngjorde fylkesdirektør opplæring tre nye skulenamn. Kunngjeringa vart publisert i Bergens Tidende, Hordaland Folkeblad, Bygdnytt og på Hordaland Fylkeskommune sine nettsider. I tillegg vart det sendt e-post til alle skulane, Kvam kommune og Bergen kommune.

Forslag til nye skulenamn var:

- Arna vidaregåande skule
- Kvam vidaregåande skule
- Tertnes vidaregåande skule.

Fristen for høyringsinnspel vart sett til 16.06.2017. Det kom inn 5 høyringsinnspel. Høyringsinnspela er lagt ved saka elektronisk.

### Arna vidaregåande skule

Det har kome eitt innspel på skulenamnet Arna vidaregåande skule. Tidlegare rektor ved Garnes vidaregåande skule, Asbjørg Hesjedal, skriv at *«Reint geografisk ligg begge skulane på Garnes. Difor er det naturleg at den samanslåtte skulen skal ha namnet Garnes vidaregåande skule. Både tidlegare Arna gymnas og Garnes vidaregåande skule har postnummer 5264 Garnes, medan Arna vidaregåande skule har postnummer 5260 Indre Arna.»*

Arna vgs og Garnes vgs vart i august 2016 slått saman administrativt. Skulen har *ei* leining. Det vart også bestemt at undervisninga i Tunesveien skulle flyttast til Arna vgs sine lokale. Våren 2017 vart Norconsult engasjert for å sjå på heilskapen i skuleareala. Dei konkluderte med at alle elevane på Arna vgs og Garnes vgs ville få plass i Arna vgs sine lokale om ein utførte nokre bygningsmessige tiltak.

I august 2017 flytta elevane frå Tunesveien inn på Arna vgs, og Eigedomsavdelinga har sett i gong med eit prosjekt der målet er å oppgradere fleire rom slik at elevane på Garnesstølen også kan flyttast til Arna vgs sine lokale. Det er ønskjeleg at flytting kan skje hausten 2018.

Når det skal byggjast ny skule i Arna, skal denne liggje sentralt i Arna. Det er fremja forlag om at ny skule skal liggje på Seimsmyrane, eller i nærleiken av viktige kommunikasjonsmiddel. Når skulen flytter nærmare Arna sentrum i 2028, vil namnet Arna vidaregåande skule vere rett namn.

Asbjørg Hesjedal peiker i innspelet sitt på at postnummera endrar seg frå Garnes til Indre Arna to nummer ned i vegen for Arna vidaregåande skule. Dette bør og tale for at skulen kan heite Arna vidaregåande skule.

### Kvam vidaregåande skule eller Hardanger vidaregåande skule?

I kunngjeringa frå fylkesdirektør opplæring er det fremja forlag om at skulen i Norheimsund og Øystese vert kalla Kvam vidaregåande skule.

Norheimsund og Øystese vidaregåande skule vart akkurat som Arna vgs slått saman administrativt frå hausten 2016. Rektor Ingebjørg Bakke har gjennomført ein prosess på skulen med forslagskasse og personalmøte for alle dei tilsette ved skulen. Dei står samla bak eit forslag om å kalle skulen i Kvam for Hardanger vidaregåande skule. Grunngevinga er at det ikkje finst ein skule med Hardanger i namnet. Skulen i Ulvik vart lagt ned frå hausten 2017, og Odda vgs er eit etablert skulenamn som ikkje kjem til å verte forandra med det fyrste. Skulen i Norheimsund og Øystese kjem til å halde fram med to skulebygg. Dei tilsette ønskjer at skulen har eit namn som kan samle dei medan dei ventar på at ny skule skal stå ferdig i 2027.

Jahn Brattli Tolo, styreleiar i Kvam Næringsråd, ønskjer at skulen får namnet Geirr Tveitt vidaregåande skule. Han grunnjev det slik: *«Fleire vidaregåande skular i Bergen har no fått namn etter store kunstnarar og det kan vera ei god løysing også for Kvam vgs. Kvam Næringsråd vil med dette som bakgrunn føreslå Geirr Tveitt vgs som namn på den nye skulen i Kvam. Geirr Tveitt sitt namn er uløyseleg knytt til Kvam og Hardanger. Både nasjonalt og internasjonalt har musikken hans stigande popularitet. Ikkje berre for store klassiske verk, men også for å ha tonesett mange vakre dikt og teikna ned eit hundretals folketonar frå Hardanger.»*

Hordaland fylkeskommune har vedteke at skular i Hordaland i hovudsak skal namngjevast etter lokale stadnamn, sjå vedtak frå 03.07.17. Vedtaket seier at i større kommunar, der det er fleire vidaregåande skular, kan det vurderast å gje enkelte skular namn etter kjende personar.

Jahn Brattli Tolo argumenterer for at elevane kjem frå mange bygder i området. Han synes at Kvam vidaregåande skule famnar for snevert. Sitat: *«Skulen skal liggja i regionsenteret Norheimsund og elevane kjem i det alt vesentlege frå Kvam, Jondal og Samnanger. Eit geografisk namn bør avspeгла det området skulen er meint å dekkja. Hardanger vgs vil femna for vidt og Kvam vgs er for snevert.»*

Argumenta for at skulen må ha eit samlande namn er sterke. Å finne eit rett geografisk namn når skulen er plassert i to bygder er også vanskeleg. Fylkesrådmannen ynskjer derfor at skulen sin argumentasjon skal vege tyngst i denne saka. Det at dei tilsette er heilt samde om forslaget Hardanger vidaregåande skule, er også viktig.

Fylkestingsvedtaket om stadnamn på skulane i Hordaland vert imøtekome, og det er ingen andre skular i nær omkrins som er konkurrentar til namnet. Derfor vert innstillinga frå fylkesrådmannen at den nye samanslåtte skulen skal heite Hardanger vidaregåande skule.

### **Tertnes videregående skole**

Tertnes videregående skole er i desse dagar under utbygging. Skulen får ny idrettshall, turnhall, fleire treningsrom og realfagslaboratorium. Skulen utvidar kapasiteten sin og kan ta imot fleire elevar. Denne utbygginga skal stå klar til skulestart hausten 2018. Vedtak om bygging av nye Åsane videregående påverkar både U.Pihl vgs og Tertnes vgs. Tertnes vgs tek imot heile U.Pihl fram til nye Åsane vgs står ferdig i 2020. Tertnes klarer dette fordi det er sett opp ein klasserommodul på skulen. Elevar og tilsette på Idrettsfag og Service og samferdsel vert flytta til Nye Åsane vgs når denne skulen er ferdig. Hausten 2017 vart U.Pihl vgs og Tertnes vgs administrativt slått saman. Dei vil gjennomføre undervisning på to stader skuleåret 2017/18. Neste sumar skal U.Pihl rivast, og alle flytter til Tertnes vgs.

Styret i Hordaland mållag, ved Erlend Bakke, har sendt inn innspel om skrivemåte på Tertnes videregående skole. Dei ynskjer at skulen skal bruke nynorsk målform i heile namnet, sitat: *«Grunnen er at Hordaland fylkeskommune har nynorsk som administrasjonsmål. Å bruka nynorske nemningar på dei fylkeskommunale vidaregåande skulane (videregående skule i staden for vidaregåande skole), er i tråd med at fylkeskommunen har nynorsk som administrasjonsmål. Å bruka bokmålsnemninga vidaregåande skole er ikkje i tråd med det».* Vidare seier Bakke: *«At Bergen kommune har status som språknøytral kommune og Hordaland fylkeskommune status som nynorsk fylkeskommune, gjev fylkeskommunen endå større rett til å*

*nytt nynorsk som administrasjonsmål ved dei vidaregåande skulane sine i Bergen. Den bergenske språkneutraliteten inneber jo nettopp ikkje at nynorskbrukande offentlege organ som Hordaland fylkeskommune må bruka bokmål ved dei institusjonane sine som ligg i Bergen. Den bergenske språkneutraliteten inneber for Bergen at nynorsk er like brukande som bokmål.»*

Tilsette på Tertnes vgs har ikkje kome med forslag om nytt namn på skulen, men Rune Stadsnes, hovudtillitsvald, har på vegner av dei tilsette som er organisert i Utdanningsforbundet ved U.Pihl vgs, sendt inn nokre moment. Han seier: «*Lærerne ved U. Pihl vgs er opptatt av å ikke bli oppfattet som en mindreverdig del av samlokaliseringen. Hertil kommer at det nye bygget til Tertnes vgs og U. Pihl vgs ligger på den gamle gårdsgrunnen til Åstveit gård. De mener derfor at det eneste naturlige er at den samlokaliserte skolen blir hetende Åstveit vgs fra 1.8.2018.*»

Argumenta som taler for at skulen bør byte namn til Åstveit vidaregåande skole, fell saman med Hordaland fylkeskommune sitt vedtak om skulenamn. På den andre sida kan Åstveit vgs blir forveksla med Åstveit ungdomskule, Åstveit svømmehall og Åstveit idrettshall.

Tertnes vgs er eit vel etablert namn, og skulen skal ikkje byte lokasjon, og får heller ikkje endringar av utdanningsprogram, utanom at dei mister *Service og samferdsel*.

Det er mange som ynskjer at U.Pihl ikkje skal verte gløymt etter samanslåinga. Henning Østensen, tidlegare rektor ved U.Pihl vgs, har eit forslag om å kalle auditoriet på Tertnes vgs for Ulrikke Pihls auditorium. Vidare melder han at vedtak i Bergen kommune, sak 61/94 06.09.94, blei at plassen mellom Åsane kyrkje og U.Pihl vgs skal heite Ulrikke Pihls plass. Dette blir ei sak som må følgjast opp ved bygginga av nye Åsane vgs.

Fylkesrådmannen gjer framlegg om at både Tertnes vidaregåande skole og Arna vidaregåande skule, som er etablerte skulenamn, held den namneforma dei har i dag. Tertnes vgs skal ikkje flytte plass, men Arna vgs er planlagd flytta til ei meir sentral tomt i Arna i 2028. Begge skulane vert verande slik dei er i dag med både større og mindre utbygging/ombygging.

For Øystese og Norheimsund vidaregåande skule meiner fylkesrådmannen at vil verke samlande å gje skulen namnet Hardanger vidaregåande skule, slik dei tilsette ved skulen har gjort framlegg om.